Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Marius Tenden

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/273049-4 | | 19.03.2019 |

# Svar - Vedrørande nabovarsel - gnr. 23 bnr. 11 - Radøy kommune

Viser til spørsmål om lovleg avkøyrsle frå fv. 414 til gnr. 23 bnr. 11 over bnr. 13 og 83 i Radøy kommune.

Arkivet vårt går tilbake til 2003. Vi har ikkje funnet dokumentasjon i som omhandlar denne eigedomen. For eldre dokument må ein kontakte Statsarkivet i Bergen, som eventuelt kan ha informasjon som angår eigedomen.

Søknaden din omfattar riving av eit eldre våningshus og oppføre eit nytt. Det skal ikkje leggjast til rette for fleire bueiningar. Det vert normalt ikkje stilt krav om nytt løyve ved slike høve. Etter ei samla vurdering av mellom anna avkøyrsla, fartsnivå og antal brukarar finn vi at det ikkje er behov for eit nytt løyve i dette tilfellet. Vi vil likevel gjere merksam på at eigarar og brukarar av ei avkøyrsle til ei kvar til er ansvarleg for at avkøyrsla oppfyller tekniske krav til utforming og sikt, jf. veglova § 43. Vi vil og minne om at det kan vere behov for å avklare privatrettslege forhold ved bruk av denne avkøyrsla.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*